

Reguleringsføresegner

Reguleringsplan Vest-Telemark Museum og Kyrkja, Eidsborg, del av gnr. 35, bnr. 1, 2, 19, 21, 22, og gnr. 34, bnr. 9, m. fl. i Tokke kommune

Føresegn endra 06.04.2010 gjelder for plankartet datert 15.04.2010

1 Felleføresegner

Rekkefølgeføresegner (Pbl. §12-7 pkt 10).

- Omsyn til freda kulturminne gjeng føre bestemningar etter plan- og bygningslova. Det vil seie at byggeområde som ligg i omsynssone "bandlegging etter kulturminnelova" må ha særskilt godkjenning etter kulturminnelova før byggeløyve etter plan- og bygningslova kan gjevast.
- I byggeområde som ligg i omsynssone C må det ligge føre særskilt godkjenning frå riktig kulturminnemynde før byggeløyve etter plan- og bygningslova kan gjevast.
- Dersom det under arbeide i marka kjem fram gjenstandar eller andre spor frå eldre tid, skal arbeidet stansast og melding umiddelbart sendast rette kulturminnemynde.

2 Byggeområde (Pbl. §12-5 pkt.1)

Offentleg bygning - Kyrkje

- Området skal nyttast til automatisk freda kyrkjebygg (stavkyrkje) og gravplass. På den mellomalderske delen av kyrkjegarden, som er automatisk freda etter kulturminnelova, er det tillate med gjenbruk av noverande graver etter gjeldande gravkart. Nye graver og andre tiltak som medfører inngrep i grunnen er ikkje tillate utan at det er gitt løyve i medhald av kulturminnelova § 8.
- Bygningsmessige tiltak og grave og anleggstilltak skal leggast fram for rette Kulturminnemynde **for handsaming etter kulturminnelova** og godkjennast av kommunen **med omsyn til anna lovverk**.

Naudsynte bygg og anlegg for kyrkje og gravlund

Område nyttast til naudsynte funksjonar for å drift av kyrkje og gravlund. Før tiltak vert iverksett skal det ligge føre uttale frå rette kulturminnemynde.

Offentleg og privat - Museum

Område skal nyttast til utviding av museumsbygningar for Vest-Telemark Museum med utstillingsrom og verkstad.

- Maksimalt tillete bygd areal, BYA = 4000 m², eksklusive parkering.
- Maksimal gesimshøgde/mønehøgde: 10,5 meter.
- Alle tekniske installasjonar skal integrerast i arkitekturen.
- Bygnaden skal ha saltak og/eller pulttak.

Offentleg og privat – Museum som ligg i omsynssone C

Felles for pkt a-d: Før tiltak vert iverksett i desse områda skal det ligge føre godkjenning frå rette kulturminnemynde.

- Område skal nyttast til museumsområde der det er tillete å flytte til /føre opp bevaringsverdige bygningar og anlegg tilhøyrande Vest-Telemark Museum.
- Plassering av nye bygg, flytting/ending av eksisterande bygningar i områda skal i tillegg godkjennast av kommunen.
- Annen verksemd kan tillast der det etter rette kulturminnemynde og kommunen sitt skjønn er mogleg.

3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§12-5 pkt 2)

Køyreveg og anna trafikkområde

Planen legg opp til å nytte eksisterande avkøyrsl frå Riksveg 45 (Fylkesveg). Ved utbetring av avkøyrsla og ending av veglinje skal det sendast søknad til kommunen etter pbl. Kommunen vil då be om naudsynt uttale hjå rette vegmynde. Søknaden skal fylgje krava i gjeldande vegnormal.

Frisiktsone

Det er ikkje tillete med anlegg eller tiltak i frisiktsona som er høgare enn ½ meter over nivået på tilstøytande veg, eller som på annan måte hindrar fri sikt, for eksempel snø og snøopplag, unntatt oppkvista tre, stolper og liknande.

Fellesområde - Felles avkøyring (FV2)

Området skal nyttast til felles tilkomst for eigedommane med gnr./bnr. 30/2, 35/1 og 2 , 37/1 og 38/1 og 2.

Parkering (P1-P3)

- a) Framføring av veg og opparbeiding av parkering skal gjerast så skånsamt som mogleg.
- b) Skjering og fylling skal dekkjast med natursteinsmur, jord eller bark, og elles få ein tiltalende utforming og avslutning.
- c) Det er i planen lagt opp til grusing av veg og parkeringsareal. Det skal nyttast egna grusmasser som hindrar støving og bind godt.

Område for kommunalteknikk - Infiltrasjonsanlegg

Det kan etablerast infiltrasjonsanlegg for spillvatn. Anlegget skal godkjennast av kommunen før opparbeiding.

4 Landbruk, natur og friluftsområde (§12-5 pkt 5)

Friluftsføremål

- a) I området er det ikkje tillete å drive verksemd eller føre opp bygg eller anlegg, som etter kommunen sitt skjønn kjem i konflikt med området sin funksjon som "grøn" innramming av museums- og kyrkjeanlegget.
- b) På grunnlag av godkjent teknisk plan kan det gravast ned leidningsanlegg (vatn, avlaup, straum, telefon, TV-kabel med meir) i friluftsområde. All graving må vera godkjent av rette kulturminnemynde før tiltak vert satt i verk. Terrengformasjonar og vegetasjon skal takast vare på / førast tilbake til opphavleg utsjånad.
- c) I friluftsområde kan det etter godkjenning frå kommunen informasjonstavle, benker, bord og liknande. Saken skal sendast over til rette kulturminnemynde til vurdering før godkjenning vert gitt.
- d) Det er tillete med normal hogst og rydding av vegetasjon i friluftsområdet for å betre sikt-, lys og soltilhøve. Dette skal gjerast på ein slik måte at landskapsbildet vert oppretthalde.

Landbruksføremål

- a) I området er det ikkje tillete å føre opp bygg eller anlegg.
- b) Det er tillete med tradisjonell jordbruksdrift i området for å halde kulturlandskapet i hevd. Det kan ikkje settast i gang tiltak som grøfting, djupare pløying enn 30 cm og anna som endrar opphavleg struktur på området, med mindre det føreligg særskilde grunnar og løyve frå kommunen og rette kulturminnemynde. Ein vil særleg peike på at det må visast aktsemd i nærleiken av dei automatisk freda kulturminne Omsyn A-D.

5 Omsynssoner § 11-8

Omsynssone §11-8 a) Frisikt

Denne sone er avsett til utbetringar av frisiktsone avkørsel til riksveg 45/fylkesveg 45.

Omsynssone § 11-8 c)

- a) Omsyn K – Sone med særleg omsyn til kulturlandskap og kulturmiljø.
- b) Museum – Sone med særleg omsyn til bygningar, kulturlandskap og kulturmiljø.
- c) Før tiltak som kjem under punkt 2, "Offentlig og privat – Museum som ligg i omsynssone C, punkt a-c" vert satt i verk skal dei godkjennast av rette kulturminnemynde.
- d) Før tiltak som kjem under punkt 4, "Friluftsføremål, punkt b og c" vert satt i verk skal dei godkjennast av rette kulturminnemynde.

Omsynssone § 11-8 d)

- a) Automatisk freda kulturminne (Omsyn A, B, C, D, E og F) – bandlagt etter annan lov. I området finst automatisk freda kulturminne. Det er ikkje tillate å setje i gong tiltak som er eigna til å skade, øydeleggje, grave ut, flytte, forandre, dekkje, skjule eller på annan måte utilbørleg skjemme automatisk freda kulturminne eller framkalle fare for at dette kan skje.
- b) Vedtaksfreda kulturminne ID 86682 Djuve og ID 86765 Tveitenstoga. Jmf. Kulturminnelova § 15 er det ikkje tillete å rive, flytta, byggje på, endre, forandre materialar eller farger eller foreta andre endringar som går lenger enn vanlig vedlikehald.